

Til Meland kommune

Hestdal 11.mars 2018

p.b. 79, 5906 Frekhaug.

Vedk. Nytt vassanlegg på Hestdal ,omlegging/utviding av kommunal veg samt ny vassleidningstrace.

Syner til motteke nabovarsel datert 01.03.2018 for gnr. 30 bnr. 2,4.

Omsøkte tiltak ligg ,som kommunen påpeikar, i LNF-område. Alle tiltak krevst då enten disp. frå arealdelen i kommuneplanen eller ein godkjent reguleringsplan for å kunne gjennomføre tiltaka.

Eg er og grunneigar av det området som eit nytt vassanlegg skal ligge. Deler av dette nye vassanlegget ligg og i LNF-området utanfor det areal som er avsett i kommuneplanen til slikt formål.

Samla sett er det her ganske store inngrep som krevst ei god planlegging. For at eg som grunneigar kan få eit skikkeleg grunnlag for å få oversyn over og påverknad på alle tiltak med nytt vassanlegg, omlegging av kommunal veg, utviding av kommunal veg, nye avkøyring til eigedomar, plassering av jordbruksavkøyringar samt utforming av desse og kvar nye vassleidningar skal gå, må det her etter mi mening lagast til ein god reguleringsplan der alle tiltak er med. Slik reguleringsplan vil og gi eit betre grunnlag for utmåling av erstatningar for avståing av grunn og eventuelle ulempeerstatningar.

Reguleringsplanen må dekke både området for nytt vassanlegg samt heile Håtuftvegen frå vassanlegget og fram til Fylkesvegen.

Mvh.

Jørgen Olsvoll  
*Jørgen Olsvoll*  
Håtuftvegen 280,

5918 Frekhaug.